



# VALDRES FOLKEMUSIKKLAG



Foto: Avisa Valdres og Tine Krange

Haldor Røynes ærespris 2008: Erik O. Røang og Hallvard Skrindsrud

**ÅRSMØTE**  
**12. mars 2009**

## Sakspapir til årsmøtet 12. mars 2009

### Sakliste

1. OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste
2. ÅRSMELDING 2008
3. REKNESKAP Vfl, minnefonda og resultat frå Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.
4. OMORGANISERING
5. VEDTEKSTENDRING
6. ARBEIDSPROGRAM 2009
7. MEDLEMPENGAR, LAGSKONTINGENT og BLADPENGAR 2010
8. BUDSJETT 2009
9. VAL

### Sak 1

Opning, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av sakliste og innkalling.

Møtet vart kunngjort ved brev til lokallaga 29. januar 2009, på primstaven i Låt ó Link nr 01/09, på heimesidene 20. januar 2009 og annonse i avisa Valdres 26.februar 2009. Sakspapira vart sende 25.februar 2009, altså før fristen på to veker før møtet, som vedtektene seier.

#### Styret bed årsmøtet gjera dette vedtaket:

*Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste og vel desse til ordstyrar, referent og til å skrive under protokollen: ...*

## Sak 2

# Årsmelding for Valdres Folkemusikklag 2008

## Årsmøtet

Årsmøtet 2008 vart halde på Valdres folkemuseum 27. mars. I alt møtte 17 personar, av desse hadde åtte stemmerett. Fem av dei sju medlemslaga var representerte. Landslaget for Spelemenn var representert ved dagleg leiar Magnar Sundt. Det var underhaldningsinnslag ved Lise Lunde Brennhagen.

Desse hadde verv i Valdres Folkemusikklag i meldingsåret:

### Styret i Folkemusikklaget:

Kjell Bakken, leiar  
Frode Rolandsgard, nestleiar  
Ivar Hemsing, styremedlem (desse tre utgjorde arbeidsutvalet)  
Magne Olav Selland, skrivar  
Ingar Ranheim, representant for Valdresmusea  
Solveig Hårdnes, tilsettere representant  
Lise Lunde Brennhagen, 1. vara  
Johanna Fuglesteg, 2. Vara  
Esther Sonja Bergene, 3. vara

### Nemnda for Minnefonda:

Ola Hjelle	Vald for 3 år i 2006
Sissel Bolstad	Vald for 3 år i 2007
Ellen Persvold	Vald for 3 år i 2008

### Valnemnd:

Jan Arne Sebuødegård	Vald for 3 år i 2006
Randi Før	Vald for 3 år i 2007
Ole Aastad Bråten	Vald for 3 år i 2008

## Styret

Styret har hatt ti styremøte i meldingsåret; 10. april, 12. mai, 28. mai, 14. juli, 19. august, 13. oktober, 11. november, 6. januar, 20. januar, 24. februar og har handsama 71 saker. Arbeidsutvalet har hatt 4 møte.

## Arrangement

### Valdreskappleiken

Øystre Slidre spel - og dansarlag var vertskap og arrangør for lokalkappleiken og runddansstemnet som vart avvikla på Solhaug dette året. Ikkje berre namnet, men heile kappleiken var endra med omsyn til klasseinndeling, dømning mm. Det vart på førehand sagt:

Lat oss laga ein lokalkappleik der me som spelar trekkspel/ toradar og har lyst til å delta.

Lat oss gjera grep for å få fram at interessa og den gode stemninga/ livet på kveldsdelen av arrangementet.

Gro Arneng, Ingvild Lie, Tom Kjetil Tørstad og Stian Roland fekk tillit - vi andre store augo.

Det vart tidleg informert om all dansemusikken på kvelden og at kappleiken var flytt til andre helga i mai, det vart førehandspåmelding på tevlingane og heilt nye tankar om klasseinndeling og dømning. Resultatet hugsar mange - fullt hus, mykje trivsel og moro, og evaluering som støtta nyskapinga.

## **Strunkeveko**

Strunkeveko 2008 vart gjennomført på Valdres Folkehøgskule 20.-25. Juli. Det var 113 deltakarar på kurset og 27 lærarar stod for undervisninga. Det var ellefte gongen Strunkeveko vert arrangert. Nytt i 2008 var tilbodet Ministrunken. Ministrunken er eit dagtilbod over to dagar for ungar frå 6 til 11 år, der det vart gjeve undervisning i hardingfele/fele, song, langeleik, toradar/trekkspel, dans og eit NysgjerrigPer-kurs. Her deltok heile 31 ungar og 6 lærarar tok seg av undervisninga.

Stian Roland var dagleg leiar i 40 % stilling fram til 15. oktober 2008, då Ingvild Lie overtok jobben. I styringsgruppa for Strunkeveko satt i 2008: Eli Marit Fuglesteg, leiar, Gro Arneng, Kjellbjørn Karsrud, Kari Grøslund og Marit Karlberg. For 2009 held Eli Marit Fuglesteg, Gro Arneng, Kjellbjørn Karsrud og Kari Grøslund fram. Marit Karlberg har gått ut av styret, men har framleis ansvaret for Ministrunken.

Strunkeveko er eit populært tilbod, og me hadde i 2008 ei auke i deltakartala. I tillegg har me ei auke i billettinntektene, og det er særleg avslutningskonserten som dreg eit stort publikum. Kurset for folkedanstear med Sigrid Moldestad og Andreas Ljones som lærarar, sette i saman ei imponerende avslutningsforestilling der alle dei 113 deltakarane deltok.

Strunkeveko fekk i 2008 økonomisk stønad frå mange ulike instansar, både lokale og nasjonale. Norsk Musikkråd, Rådet for folkemusikk og folkedans, Norsk Kulturråd, Oppland fylkeskommune og alle dei seks valdreskommunane.

Dei totale kostnadane for Strunkeveko 2008 vart 701 407 kr, og resultatet vart eit underskot på 21 335 kr.

## **Jørn Hilme-stemnet**

Jørn Hilme-stemnet gjekk føre seg 20.-27. juli 2008, nr 48 i rekkja. I samarbeid med Strunkeveko har vi funne fram til ei god form som gjev publikum ei heilskapleg oppleving under festivalveka. Vi tilbyr no aktivitetar i ulik valør kvar dag frå søndag til søndag. Det samla besøkstalet landa i år på om lag 8 500, ein liten nedgang frå året før. Dette kjem av mindre besøk på kyrkjekonsertane, og arrangementa på helga, som vi meiner det varme veret hadde skulda for. Folk orka ikkje vera på Skiferplassen eller inne i kulturhuset. Til saman hadde vi 58 arrangementspunkt. 118 deltok på kurs på JH-stemnet, 170 deltok på kappleiken (95 startnummer). Både konsertar, dans, kappleik og kurs har trekt mykje folk. Vi hadde også i år nye tiltak på programmet, m.a. fleire kurstillbod, guida fjelltur på Jaslangen, og eigenproduserte konsertar; tingsingsverket *Underlege dagar*, kyrkjekonsertturnéen *Kom hit mine venner*, konserten *Kongeveggen*, og gruppa *Marg og Bein*.

Særleg godt besøkt var Solefallskonserten på Jaslangen og Kruk på kulturhuset.

Haldor Røyne's ærespris vart delt ut til Erik O. Røyng og Hallvard Skrindsrud.

I styret for festivalen 2008 sat Svein Erik Hilmen, styreleiar, Torveig Dahl, styremedlem, Kari Tyldum, styremedlem/billettneimnd, Ingebjørg Moe, styremedlem, Nikolai Øyhus, styremedlem. I hovudnemnda sat i tillegg Ingvild Lie, programansvarleg, Tone Meisdalen, premieansvarleg, Elisabeth Bring (Valdreslaget i Oslo), tevlingsansvar, Stian Roland, kurs, Gunnar Breivik, vaktshjef og Line Holar Onstad, mat.

Tilsette: Solveig Hårdnes, dagleg leiar (70% stilling), Ingvild Lie, informasjonsmedarbeidar (20% stilling).

Den totale omsetninga for Jørn Hilme-stemnet i 2008 var på 1 952 264 kroner, dette er 199 282 kroner meir enn i 2007. Festivalen gjekk med eit underskot på 88 137 kroner. Grunna sjukemelding, nyttilsettingar, og at vi kom seint i hamn med å få tak i alle nemndsleiarane, fekk vi ikkje arbeidd så godt med søknadar, sponsoravtaler og marknadsføring som vi hadde intensjon om i år. I tillegg hadde vi satt i gang fleire prosjekt vi ynskte å gjennomføre under årets festival.

## **Felles møte mellom styret i Vfl, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko**

Det vart halde eitt møte i 2008; 27. oktober på kulturhuset i Vestre Slidre.

## **Folkemusikkscena i Valdres**

I 2008 vart det arrangert tre konsertar; to av konsertane var tilbod frå Den norske folkemusikkscena. To vart arrangerte på Fagerlund Hotell på Fagernes, den tredje på Slidrehuset på Valdres folkemuseum. Publikumstalet ligg på om lag 25–40 tilhøyrarar. I år har vi hatt konsertar med: Rammelag; *Sigurd Brokke og Daniel Sandén-Warg*, Sudan Dudan; *Marit Karlberg og Anders Erik Røine*, og *Per Anders Buen Garnås og Olav Luksengård Mjelva*. Konsertane var støtta av Fond for utøvande kunstnarar og Den norske folkemusikkscena. Sidan oppstarten i 2004 har vi arrangert 21 konsertar.

Jørn Hilme-stemnet tok over ansvaret for folkemusikkscena i 2008.

## **Lokallaga**

### **Fadderordninga**

Styret i Vfl har alltid hatt som målsetjing å støtte opp om lokallaga på best mogeleg måte. På bakgrunn av dette vart det lagt inn eit ekstra punkt i stillinga til Stian Roland i dei nye retningslinene for stillinga hans som kursansvarleg. Stian Roland hadde frå og med 01.01.08 eit ekstra ansvar for å fylgje opp lokallaga i form av å tilby kurs og seminar samt hjelpe lag som sjølv ynskjer å halde kurs og liknande.

Stian Roland har slutta, og Ingvild Lie har overteke stillingsressursen som Stian hadde. Men i påvente av resultatet av ei eventuell omorganisering er fadderordninga sett på vent. Dette var også ei prøveordning for 2008.

### **Leiarmøte**

Leiarmøte vart halde 6. november 2008 på Folkemusikkhuset. Alle lag, bortsett frå Etnedal, møtte.

Det er aktivitetar i alle laga på forskjellige område. Det er halde kurs og ein del lag samarbeider om dette. Aktivitetane kunne vore større, men det kan sjå ut som at i nokre delar av Valdres er folkemusikkaktivitetane inne i ein bølgedal no, og vi må difor sjå oss nøgde med det som er. Laget må fortsette med å rette arbeid mot lokallaga.

### **Låt o' Link**

Knut og Ole Aastad Bråten har vore redaksjon for medlemsbladet vårt til og med desemberutgåva. Nils Leine har som før forma bladet mens Solveig har kopiert, stifta og bretta, prøvd å få med seg litt hjelp men stort sett måtte skrike på Ole og Knut. Styret i Vfl har tenkt og sagt at informasjon til medlemene og lokallaga bør koma gjennom bladet og på nett, for å spara utgiftene med rundskriv. Ved å justere/ tilpasse datoar for utgjeving betra dette seg litt.

Tidleg varsla Ole og Knut at no var det siste året - så kom Solveig og ville ha betre rutinar mht kven gjorde kva, samt datoar. Januarutgåva hadde difor noko nytt mannskap, Kjellbjørn Karsrud, Frode Rolandsgard og Bjørn Strand i redaksjonen, Nils Leine gjer som før godt arbeid med forminga, i tillegg skal Ivar Hemsing fylgje med på datoar og vera litt med på ferdiggjering/ utsending.

Styret vil hermed takke Knut og Ole for sveitte og tårer som er ofra for at Låt o' Link har kome i våre medlemers postkasser dei siste åra.

## **Ungdomssatsinga**

### **Ungdomsfondet**

Dette året har to prosjekt fått midlar her.

Ungdom frå Tradisjonsdans som deltok på Vinterkappleiken på Rauland i 2008 fekk dekka opphaldet.

Talenttreff for unge langeleikspelarar, Valdres folkemuseum 12. april fekk dekka matutgiftene for dagen.

Fondet har egne statuttar.

### **Lea de, Bygda Dansar**

hadde helgesamling på Rogne skule 9.-11. mai 2008, same helga som Valdreskappleiken gjekk. Omlag 25 ungdomar var samla, mange av desse var innom og tevla eller var publikum, og var med på dansen om kvelden. Open klasse vart vunne av Lea de-gjengen.

Helgesamling i Vågå 20.-21. september, på Gjøvik 21.-23. november, og på Lillehammer 6.-8. februar.

Øvingar i nærmiljøet føregår nesten kvar veke på Fagernes, Gjøvik, Jevnaker, Vinstra, og Vågå/ Skjåk.

**Tradisjonsdans** på Fagernes/ Leira har fleire ungdomar på sine øvingar enn dei som deltek på helgesamlingane til Lea de. Stian er ofte der, men treng avlastning. Hallgrim Rogn, Solveig Hårdnes mfl. får det heile til å rulle og gå.

Ein ivrig dansar og spelemann i dette miljøet er på jordomsegling dette året - Sivert Holmen - har høyrte at han har små konsertar der han fer, eller er heime for å delta på kappleik.

Deltaking der noko skjer:

Lea de-ungdom frå Gudbrandsdalen hadde oppvisning kvar kveld ved opning av premieutdelinga under Landsfestivalen i Skjåk. Strunkeveke sitt kurs, Dans og uttrykk, var i samarbeid med Lea de. Gjøvik-helga i november hadde Rff-seminar med instruktørar samtidig med Lea de, nokre av desse var innom og såg på/ deltok - ein av dei delte sine erfaringar med Lea de.

Stian Roland har frå i haust hatt full jobb med Lea de, Sigurd Johan Heide tek litt meir utdanning samtidig som han fortsatt er i prosjektet. Silje Onstad Hålien er med på enkelte samlingar, andre som ikkje heilt veit kva for ein generasjon dei tilhøyrer, er ofte med som nattevakter, kjøkkenhjelp m.m. - og noko som Sigurd kallar dansedokker. Slike altprøvande personar trengs det fleire av for å få prosjektet vel i hamn.

Lea de gjorde eit godt inntrykk både på dommarar og publikum under UKM i Valdres laurdag 15. februar, og blei plukka ut til å delta i fylkesfinalen på Vinstra 24. til 26. april.

## **Andre viktige oppgåver**

### **Folkelarm**

Vfl deltok under bransjetreffet Folkelarm 25.-28. september. Fleire frå Strunkeveke og Jørn Hilme-stemnet deltok også på ulike seminar, møte og framsyningar.

### **Arbeide for å ta vare på den lokale runddanstradisjonen.**

Valdres folkemusikklag er klar over at laget har eit særskilt ansvar for den lokale runddanstradisjonen. Tidlegare var lokallaga til Valdres Ungdomslag aktive på dette området, men dei seinare år har det i enkelte kommunar vorte svært liten ungdomslagsaktivitet. Då er det ekstra viktig at vi er der og tek vare på denne arven - det er lokale variasjonar ute og går her og, som i bygdedansane. Ikkje minst er det viktig for at våre spelemenn og -kvinner skal halde runddansspelet ved like, eller sjå det som like verdifullt som springarspelet.

I tillegg er runddansen den vanlege mann og kvinne sin inngangsport til bygdedansane.

Difor er det så fint med Jørn Hilme-stemnet og museet, gamaldans på utegolv like ved Slidrehuset der springaren går for fullt, ungdomane som har dansespel på torsdagskvelden, gamaldanskurset, Lea de, runddanstevling på Valdreskappleiken, og - på Solhaug i Mai (The Gamasamas) - vise ungdomen at vi taklar nyare rytmar, på det vis oppmuntre dei til å føle seg heime i fleire miljø og vera stolte av sine røter.

### **Diskusjonsforum**

Det har vore tre diskusjonsforum med ulike tema. Møta har vore opne for alle. Følgjande tema har vore diskutert:

16. juni (Fagerlund): Evaluering av Valdreskappleiken. Det var stemning på møtet for å halde fram med den nye malen for Valdreskappleiken.

6. november (Valdres Folkemuseum): Omorganisering av Vfl, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveke. Det vart tilrådd at ein utarbeida eit forslag til vedtekter for eit ev. AS, og at desse kunne diskuterast på eit nytt møte.

3. februar (Valdres Folkemuseum): Omorganisering av Vfl, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko, gjennomgang av utkast til vedtekter for Valdres Folkemusikkarrangement AS. Det vart tilrådd at ein skulle legge fram forslaget om eit AS med ferdig utarbeidde vedtekter til avstemning på årsmøtet i Vfl 12. mars 2009.

### **Lydkurs**

Vi prøvde atter ei gong å få til eit workshop i bruk av lydutstyr ein kveld i november, med Knut Bøe som instruktør. Det kom ingen påmeldingar før sjølv kursdagen, men då hadde vi ein handfull deltakarar, nok til å gjennomføre eit forsvarleg workshop. Diverre visste det seg då ein skulle hente lydutstyret, at det på grunn av diverse misforståingar ikkje var å finne der det etter all sannsynleg heit burde stått. Vi var difor også denne gongen tvungne til å avlyse. No er lydutstyret kome til rette att, så neste gong bør alt ligge til rette for eit vellukka kurs.

## **Samarbeid med andre**

### **Samarbeidet med Valdres Folkemuseum og Valdresmusea**

Folkemusikklaget, Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko leiger kontorplass i Folkemusikkhuset på Valdres Folkemuseum, og har eit godt og nært samarbeid både med dei andre i huset og dei tilsette ved Valdresmusea. I meldingsåret vart eit tidlegare lager gjort om til kontor, slik at dei to tilsette no har kvart sitt rom. Det har vore halde jamlege møte mellom dei tilsette i Folkemusikkhuset, og Valdres Folkemuseum er som før om åra ein viktig møteplass for Strunkeveko og ein sentral arena for Jørn Hilme-stemnet. I meldingsåret samarbeidde ein mellom anna om eit kurs på hardingfele og langeleik for ungdom 31. januar 2009.

### **Folkemusikk for notid og framtid**

Etter at distriktsmusikarordninga med Valdres Folkemusikkgruppe vart lagt ned i 2006, tok Valdres folkemusikklag, Regionrådet og Oppland Fylkeskommune initiativ til å finne ein ny modell for å halde fram profesjonell produksjon og formidling av folkemusikk i Valdres. Frå 2007 vart det ei ny ordning i ein 3-årig plan 2007-2009. Hovudmålet er å bidra til å sikre rekruttering til folkemusikken i Valdres, der tiltak retta mot born og unge blir prioritert. Det skal leggjast vekt på mangfald og kvalitet. Det er òg mogleg å søkje om midlar til produksjonar retta mot reiseliv og andre målgrupper. Ordninga er fagleg og administrativt forankra i folkemusikkarkivet ved Valdresmusea. Ei styringsgruppe med leiaren i Valdres folkemusikklag, ein representant for kulturskulane, ein representant frå Valdresmusea og kulturutvalet i regionen avgjer kven som skal få midlar, etter innstilling frå folkemusikkarkivaren. I 2009 vart det delt ut kr. 250.000,- til formålet. Det var åtte søkjarar som fekk midlar.

Det var i alt 10 søkjarar med totalt omsøkt beløp på kr. 534.384,-.

### **Storefjelltreffen**

Helga 1.-4. mai vart Storefjelltreffen arrangert. Valdres folkemusikklag samarbeidde med arrangørane om kurs i toradarspel. Heile 21 deltok på kursa.

## **Representasjonar**

### **Representantskapsmøte i Rff 16.–17. oktober**

På representantskapsmøtet i Rådet for folkemusikk og folkedans i Trondheim representerte Ole Aastad Bråten Jørn Hilme-stemnet.

### **Årsmøtet til Landslaget for Spelemenn**

Møtet var i år lagt til Førde 1.–2. november. Kjell Bakken representerte Valdres folkemusikklag.

### **Kontakt mellom fylkeslaga i Oppland**

Lfs arrangerte fylkeslagssamling fredag kveld før årsmøtet i Førde. Kjell Bakken møtte for Valdres folkemusikklag.

### **Deltaking på landskappleik og landsfestival**

Mange valdrisar var å sjå på landskappleiken på Oppdal og desse utmerkte seg med svært gode plasseringar.

Jan Beitohaugen Granli kom til finalen og vart nr. 2 i hardingfele kl. A. I langeleik dominerte Valdres stort. Ole Aastad Bråten vart vinnar i solo senior, og han og Ingvild Lie vann samspel senior. I vokal kl. B kom Stian Roland på 4 plass. I dans hardingfele kl. A fekk Tone Voldhaug og Stian Roland 2 plass. Silje Onstad Hålien og Frode Rolandsgard kom på fyrste plass i dans hardingfele kl. B. Kjersti Helgesen Løvold og Bjørn Strand vart her nr. 3. Solveig Hårdnes vart nr. 3 i Lausdans kl. B. Elles stilte heile 4 lag frå Valdres i lagdans, medrekna Valdreslaget i Oslo. Knut Opheimsbakken vann instrumentutstillinga for hardingfele suverent, og fekk sølvmedalje.

På landsfestivalen i Skjåk fekk Tom Kjetil Tørstad 3 plass i klassa for durspel senior. Ole Kristian Fredriksen vart nr. 8, og Gunnar Nerstad nr. 9 i juniorklassa. Tørstad og Albrigtsens gammeldansorkester vart nr. 21 i klassa for grupper.

### **Hallgrim og FRIKAR**

Øystreslidringen Hallgrim Hansegård har hatt stort gjennomslag med gruppa FRIKAR og lausdans frå Valdres. Han har vore på TV i fleire samanhenger m.a. finalen i Norske Talenter og no sist saman med Alexander Rybak, vinnar av den Norske Grand Prix-finalen.

## **Administrasjon**

### **Tilsette**

I 2008 har Solveig Hårdnes halde fram som dagleg leiar for Jørn Hilme-stemnet i 70% stilling, og sekretær for VfI i 10 % stilling. Stian Roland var dagleg leiar for Strunkeveko i 40 % stilling, og Ingvild Lie engasjert i 20% stilling som informasjonsarbeidar for Jørn Hilme-stemnet i 2008.

Stian Roland sa opp stillinga si etter å ha takka ja til heil stilling i Rff for Bygda Dansar i Oppland. Ingvild Lie blei tilsett i 40 % - stillinga for Strunkeveko frå 15. oktober.

Slidre Regnskapskontor fører rekneskapen.

### **Eiga i laget**

Ei oversikt over eiga i Valdres folkemusikklag, med forslag til kva som bør følgje med over i eit eventuelt aksjeselskap, vart sett opp og lagt fram for styret i februar 2009.

### **Internett**

Valdres Folkemusikklag har egne nettsider. Nettsidene har også eigen kalender, der medlemmene sjølve kan legge til hendingar. Nytt høvet!

Heimesideadressa vår er: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no).

Solveig har etter kvart fått ei lang liste med e-postadresser som ho nyttar til utsending og vidareformidling av informasjon til medlemmer.

## **Aktuelle saker i året som har gått**

### **Festivalstrategi-møte med Valdres Natur- og Kulturpark**

Kulturkonsulent Finn Helge Lyster tok i januar 2008 initiativ til å samle alle dei store festivalane og arrangementa i Valdres for å finne ut kva vi har felles. Kva ressursar vi kan låne av kvarandre og korleis vi kan samarbeide om til dømes marknadsføring. Eit av måla er å samarbeide om felles bookingsystem og gjera turistkontoret til eit godt utstillingsvindaug for alle festivalar. Det har vore halde fleire møter gjennom året. Anne Strand Moen overtok stillinga til Lyster i 2009.

### **Regionale kompetansesenter**

Det har dei siste åra gått føre seg ein prosess som har som mål å etablere regionale kompetansesenter for folkemusikk, jazz og rock rundt omkring i landet. Dette er eit resultat av at SAMSTEMT (fleire rytmiske musikkorganisasjonar) har foreslått dette ovanfor departementet, og at kulturdepartementet deretter har bede musikkmiljøa om ei utgreiing av behovet.

Valdres folkemusikklag har i samarbeid med Valdresmusea AS sendt inn søknad til kulturdepartementet om å få midlar til oppretting av eit regionalt kompetansesenter for folkemusikk i Valdres på Austlandet. Vi har også vore i departementet og presentert planane, og vi har vore i møte med Østnorsk jazzsenter om ei arbeidsdeling på Austlandet.

Vi har take utgangspunkt i dei stillingsressursane som allereie er sysselsett med folkemusikk i og kring Folkemusikkhuset på Valdres Folkemuseum. Håpet er å få løyst ut midlar til fleire stillingar, etablere ei scene for profesjonelle produksjonar, og gå inn i meir formalisert samarbeid med jazz- og rockemiljøet i Valdres.

Dei første løyvingane til kompetansesenter vil koma i løpet av våren 2009, og deretter vil det koma ei ny tildeling hausten 2009. Truleg er prosjektet vårt bra nok til å vera kvalifisert til stønad, men Austlandet manglar i dag heilheitlege framlegg til arbeidsdeling mellom ulike musikkmiljø, noko som er ein føresetnad frå departementet. Vi må altså arbeide meir med samarbeidsavtaler med andre musikkmiljø, t.d. i Drammen (rock) og Oslo (Østnorsk jazzsenter).

### **Tilbod og avslag om landskappleik i 2009**

Vi fekk besøk av dagleg leiar i Lfs på årsmøtet i 2008 og blei tilbydt Landskappleiken for 2009. Styret nedsette ein komité for å finne ut om Vfl kunne ta på seg eit så stort arrangement på så kort varsel. Konklusjonen blei at dette var mogleg, men då i samarbeid med Jørn Hilme-stemnet. Lfs svarta at Landskappleiken ville bli for nær opp til Landsfestivalen på Ål veka før. Lfs la så Landskappleiken til Geilo, samtidig med Landsfestivalen på Ål.

### **Omorganisering**

I styremøte for Vfl, 19. august 2008, blei det bestemt at ein skulle sette ned ei gruppe av personar med organisasjonskunnskap, for å bistå styret i å utarbeide forslag til ei eventuell endring av organisasjonsplanen til Vfl. Styreleiar fekk i oppdrag å iverksette denne prosessen. Målsettinga var å; forenkle organisasjonsformen, klargjera ansvars- og informasjonslinjer, rasjonalisere arbeidsprosessar, og gje dei tilsette oversiktlege og gode arbeidssituasjonar.

Det kom fram eit forslag om å forenkle organisasjonsstrukturen frå; tre styrer, tre styreleiarar og to dagleg leiarar til eit styre, ein dagleg leiar for arrangementa med utvida fullmakter.

Mens organisasjonsgruppa arbeidde med dette, kom det eit organisasjonsforslag frå styret for Jørn Hilme-stemnet, der JH-stemnet og Strunkeveko blir skilt ut som eit eige AS, med grunngjeving i blant anna økonomisk risiko og ansvar. Styret i Vfl sette ned eit interimstyre til å utforme vedtekter for eit AS, i samråd med revisor. Forslaget vart sendt til laga og medlemmene for vurdering.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

*Årsmøtet tek årsmeldinga til vitande.*

### **Sak 3**

Rekneskap for 2008, Vfl, minnefonda og resultatata frå Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

*Årsmøtet godkjenner dei framlagde rekneskapane for 2008.*

### **Sak 4**

Omorganisering

Vedlegg: Utkast til vedtekter for Valdres folkemusikkarrangement AS.

### **Sak 5**

Vedtektsendring

Vedlegg: Utkast til endringar av vedtekter for Valdres folkemusikklag.

### **Sak 6**

Arbeidsprogram for 2009–2010

#### ***Målet må vera:***

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværmiljø for alle aldersgrupper, tek vare på mennesket, skapar ei identitetskjensle og kjensle av eigenverdi

#### ***Midla kan vera:***

- å styrke dansen i alle aldersgrupper
- å rekruttere utøvarar i alle greiner
- å oppmode utøvarar til å stille som instruktørar
- å ta vare på dei som alt er aktive, men som treng eit styrkt miljø rundt seg og ideologisk inspirasjon

#### **Framlegg til arbeidsprogram for 2009–2010**

##### ***Arrangement***

Valdres folkemusikklag skal:

- arrangere Valdreskappleiken 9. mai med Vestre Slidre folkemusikk- og danselag som lokal tilskipar, og førebu tilskipar i 2010
- gjennomføre Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, ev gjennom Valdres folkemusikkarrangement as

##### ***Styrking av lokallaga***

Valdres folkemusikklag skal:

- støtte lokallaga i arbeidet deira og samordne aktiviteten
- arrangere felles møte med alle lokallagsstyra
- gje ut Låt o Link

##### ***Ungdomssatsinga***

Valdres folkemusikklag skal:

- følgje opp og leggje til rette for Lea de, Bygda dansar i Oppland
- vera pådrivar for at tilbodet i tradisjonsdans ved Valdres vidaregåande skule held fram, og følgje opp det fruktbare samarbeidet med Ung i Valdres
- disponere ungdomsfondet til beste for rekruttering i Valdres (eigne statuttar)

### **Andre viktige oppgåver**

Valdres folkemusikklag skal:

- drive marknadføring
- arbeide for å ta vare på den lokale rundanstradisjonen, m.a. gjennom å dra fram lokale utøvarar som kurshaldarar
- arrangere diskusjonsforum etter behov vår/haust
- arrangere kurs som miljøet har bruk for
- arbeide vidare med å få til eit regionalt kompetansesenter for folkemusikk i Valdres

### **Samarbeid med andre**

Valdres folkemusikklag skal:

- delta i det vidare arbeidet med "Folkemusikk – for notid og framtid"
- samarbeide med Valdres folkemusikkarkiv og Valdresmusea.
- vera pådrivar for at det er kontakt mellom kulturskulane og lokallaga om felles målgruppe, opplæring og rekruttering
- vera med i nettverket av folkemusikkscener for Den norske Folkemusikkscena.
- ha representantar på årsmøtet til Lfs, og på representantskapsmøtet i Rff, og oppmode medlemmer til å delta på nyttige kurs, seminar og møte
- halde kontakt med Gudbrandsdal Folkemusikklag, Vestoppland Folkemusikklag, og Hedmark musikkråd

Styret må elles vera budd på å ta fatt i aktuelle saker som dukkar opp i arbeidsåret.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

*Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2009.*

### **Sak 7**

Medlemspengar for 2010

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

*Me gjer framlegg om at medlemspengane for vaksne blir endra frå kr 75 til kr 100, og borne-/ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) står uendra, kr 25.*

*Om AS: Me gjer framlegg om at medlemspengane for vaksne står uendra, kr 75, og borne-/ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) står uendra, kr 25.*

*Lagskontingent kr 1 000.*

*Ikkje-medlem kan abonnere på medlemsbladet Låt o' link for kr 100.*

### **Sak 8**

Budsjett for 2008

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

*Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet.*

### **Sak 9**

Val

Valnemnda si innstilling blir lagd fram på møtet.

Styret legg fram forslag til nytt medlem i valnemnda på møtet.